

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 11.03.2020
SAKSHANDSAMAR: Arve Varden/ Vidar Vie
SAKA GJELD: **Prehospital plan - mandat for fase 3 og innføringsplan**

ARKIVSAK: 2020/1988

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
23.03.2020

STYRESAK:
021/2020

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret godkjenner mandat for fase 3 for prehospital tenester, og ber administrerende direktør orientere styret om framdrifta.

Oppsummering

Arbeidet med prehospital plan skal inn i fase 3 – implementering av vald modell, og mandatet for denne fasen skal vedtakast av styret i Helse Førde. Det står att viktig utgreiingsarbeid knytt til struktur. Notatet «Arbeidsform og førebels skisse til innføringsplan» skisserer korleis arbeidet i fase 3 skal gjennomførast.

Fakta

Styret i Helse Førde gjorde følgjande vedtak i sak 007/2020 24. januar:

Styret er godt nøgd med prosessen og saksgrunnlaget som ligg føre.

Plan for prehospitale tenester blir vedteken med desse presiseringane:

- 1. Endringane som gjeld døgnbilen i Lavik skal utgreiast vidare, og det skal vurderast alternative modellar. Kommunar, tilsetteorganisasjonar og verneteneste skal takast med i prosessen. Saka vert lagt fram for styret til endeleg avgjerd.*
- 2. Administrerande direktør får i oppdrag å arbeide vidare med omgjerung av døgnbil i Ytre Bremanger til einmannsbetent ambulanseressurs, alternativt redusere til ein ambulanse i Bremanger kommune. Kommunar, tilsetteorganisasjonar og verneteneste skal takast med i prosessen. Saka vert lagt fram for styret til endeleg avgjerd.*
- 3. Det skal gjennomførast ein prøveperiode på tolv månader med flytting av dagbil frå Luster til Sogndal, slik det er omtala i sakstilfanget. Vedtak om endeleg flytting etter prøveperioden ligg til administrerande direktør.*
- 4. Det blir gjennomført ei vurdering av kva for konsekvensar det vil ha for dei prehospitale tenestene at Hornindal kommune er slegen saman med Volda kommune og ikkje lenger er Helse Førde sitt ansvarsområde. Saka blir lagt fram for styret til endeleg avgjerd.*
- 5. Dei andre endringane i tilrådingpunkta, jamfør saksutgreiinga, vert tekne til orientering og ligg til administrerande direktør å følgje opp.*
- 6. Utsetting av tiltaka i punkt 1, 2 og 4 må sjåast i samanheng med gjennomføring av dei andre tiltakspunkta. Det skal leggast vekt på ei innføringsrekkefølge som ikkje utfordrar budsjettmålet.*
- 7. Styret ber om å få framlagt mandat for fase 3 til styremøtet i mars, saman med eit første utkast til innføringsplan.*
- 8. Prehospital plan er ein del av utviklingsplanen til Helse Førde. Den skal evaluerast og rullerast i samsvar med den.*

Styrevedtaket, den vedtekne planen og mandatet for fase 3 er rettesnor for det vidare arbeidet.

Mandatet er bygd etter same mal som i fase 1 og 2, organiseringa er store trekk den same, og det same gjeld representasjonen til interessentane. Det er lagt opp til at referansegruppa skal halde fram med om lag lik samansetnad.

Det er også laga eit notat «Arbeidsform og førebels skisse til innføringsplan fase 3 prehospital tenester – vedlegg til mandat» som skisserer korleis arbeidet skal gjennomførast. Notatet er ikkje eit ferdig produkt, og vil bli arbeidd vidare med fram mot igangsetjing av fase 3.

I alt inneheld prehospital plan 39 ulike tiltak. Nokre av desse kan gjennomførast i linja, eller i andre program/prosjekt. Nokre av desse må løysast gjennom egne arbeidsgrupper.

Kommentarar

Dei 39 tiltaka i prehospital plan er av ulik karakter. Medan nokon representerer eit kontinuerleg forbetningsarbeid, så er det andre som skal utgreiast vidare før endeleg styrevedtak. Ein del har stor innverknad på økonomien i tenesta, andre kan ha karakter av rimelegare forbetningsarbeid. Nokre har stor interesse frå kommunar, innbyggjarar, tilsette og andre interessentar.

Samstundes som dei har ulik karakter, så er det også ein klar samanheng mellom tiltaka. Bruk av ny teknologi, auka kompetanse og betra samarbeid internt og eksternt, nye driftsformer og kvit bil vil alle påverke resultatet av tiltak som har vore diskutert i større grad.

Innføringsfasen har ein kompleksitet som krev eit system som gir god oversikt når det gjeld framdrift, konsekvensar, ressursar og økonomi. I vedlegget til mandatet er det skissert ein førebels innføringsplan. Den skal detaljerast ytterlegare, ansvar for dei ulike tiltaka skal tildelast, og det skal lagast eit rapporteringssystem som gir det nødvendige oversynet.

På tre viktige punkt står det framleis att utgreiingsarbeid som skal vedtaket av styret i Helse Førde. Det gjeld ambulansetilboda knytt til stasjonane Lavik og Ytre Bremanger, og konsekvensane av at Hornindal ikkje lenger er ein del av ansvarsområdet til Helse Førde. I den førebelse planen er det lagt opp til endelege avklaringar hausten 2020.

Sjølv om desse tre avklaringane er viktige for totaløkonomien til tenesta, så legg ikkje administrerande direktør opp til å halde att alle dei andre tiltaka i påvente av avgjerd der. Ein del av dei er knytt til pågåande arbeid, eller har ikkje større økonomiske konsekvensar. Tiltaka som omhandlar grunnbemanning og kasernevakt vil ha økonomiske implikasjonar, men må arbeidast vidare med i samsvar med lov og avtaleverk. Dei andre tiltaka som er knytte til økonomi; kvit bil og auka ressursar til fagleg utvikling/medisinskfagleg rådgjevar, er ikkje lagt inn før neste år, men kan førebuast i løpet av 2020.

Konklusjon

Mandat med vedlegg og styrevedtak gir klare føringar for innføringsfasen i fase 3 for prehospitala tenester. Den samla kompleksiteten i tiltaka er stor. Det er difor nødvendig å ha eit godt system for å halde orden på framdrift og effektar av tiltaka.

Vedlegg:

- 1 – Plan for prehospitala tenester Helse Førde HF – revidert etter styrehandsaming 24. januar 2020
- 2 – Mandat for prehospitala tenester fase 3
- 3 - Notat «Arbeidsform og førebels skisse til innføringsplan»